

SOGNDAL

kyrkjelydsblad



Nr. 3 | oktober 2022 | 50. årgang



God haust!



Tusen takk til Torunn



(Foto: Hallgeir Øgaard Westli)

Torunn har trufast vakt sentralbordet og vore sekretær ved

Sogndal kyrkjekontor sidan 2006. 1. september i år gjekk ho over i pensjonistane sine rekkjer, og me vil sakne Torunn både som kollega og som person.

Det er mange som har hatt kontakt med Torunn, sjølv om kanskje ikkje alle har sett ho – men mange har møtt ho gjennom telefon og i resepsjonen på kyrkjekontoret. Torunn var den fine stemma de møtte i telefonen, og som med stort engasjement hjelpte alle som tok kontakt – anten det gjaldt barnedåp, bryllaup, gudstenester eller noko anna. Hennar gode måte å ta imot

besökjande på – anten det gjaldt sorg eller glede – gjorde at folk følte seg vél i hennar nærvær. Det er ikkje få fadderhelsingar, dåpsattestar, vigselspapir, brudeparbiblar, invitasjonar, e-postar og bestillingar ho har tatt seg av opp gjennom desse åra. Stort eller smått – det var det same – Torunn ordna det.

Torunn var i alle år også prostesekretær, og opp gjennom åra har ho slik også «passa på» alle prestane i prostiet. Saman med prosten sytte ho for arbeidsplanar og ferieplanar for prestane, og skaffa vikarar når det trengtest. Ho hadde full kontroll på gudstenesteplanar og oversikt over det meste. Hennar omsorg for dei tilsette og deira ve og vel gjennomsyra dette arbeidet. Gjennom desse 16 åra har det vore fleire skifte i prostestillinga, men Torunn har sete trufast.

No når Torunn sluttar ved kyrkjekontoret og går over i pensjon, er det ein trufast og lojal tilsett og kollega som sluttar av. Me vil sakne Torunn, men unner ho no meir tid saman med barn og barnebarn. Takk for 16 fine år saman på kyrkjekontoret, Torunn!

Venleg helsing

Jorunn Merete Haukås-Eide
Kyrkjeverje

Geir Paulsen
Prost

Foto på framsida:

Stort bilet: Engelskkyrja i ettermiddagssol.

Foto: Jostein Risa

Lite bilet venstre: Skulestartgudsteneste i

Stedje kyrkje. Foto: Ingunn Løvik

Lite bilet høgre: Kyrkjelydstur til Askvoll.

Foto: Gitte Therkelsen Torstad

Stoff og bilet til Kyrkjelydsbladet

Har du tatt bilet eller skrive noko som du ynskjer at vi skal ta inn i bladet?

Send det gjerne på e-post til:
post@sogndal.kyrkja.no innan
28. oktober.

Ny sekretær på kyrkjekontoret: Anita Instefjord

Rett før sommaren fekk kyrkjekontoret ny sekretær, først som vikar før stillinga vart fast frå 1. september. Ho heiter Anita Instefjord, og er busett på Leikanger.

«Du må få med at eg er stolt guling» er ein av dei første beskjedane journalisten får frå Anita. Ho er nemleg ikkje frå Leikanger, men kjem frå Instefjord i Gulen. Ho er oppvachsen ved fjorden, og måtte bu langs fjorden. Slik blei det Leikanger, og hus med flott utsikt til fjorden.

Stillinga som sekretær inneber at Anita ofte er «førstelinja» i kontakt med folk, anten det gjeld dåp, vigsel, gravferd eller andre ting.

«Det er ein svært variert jobb. Vi driv jo med alt mellom himmel og jord, eller alt over og under oss, kan ein og seja! Dette gjer ein variert arbeidskvardag – og det er noko eg trivst godt med», seier Anita.

Ho har utdanning som allmennlærar, men har gjort mykje anna og. Sist var ho hjå Foteifar Temareiser, der ho hadde ansvar for kontakt med kundar. Den jobben er nok den ho har hatt som liknar mest på jobben som sekretær.

Dette skuleåret har Anita òg ansvar for den merkantile delen av konfirmantopplegget til kyrkja i Sogndal. Det vil seie den administrative delen.

«Det kan til tider vere svært hektisk. I år har vi rundt 100 konfirmantar. Dei, foreldra deira og dei tilsette som er med i opplegget, skal ha informasjon, oppfølging og oppdateringar» fortel Anita.

Ho er delvis med i opplegget og får gjort noko undervisning.

«Som utdanna lærar er det kjekt å få nokre drypp der eg får brukt

'lærar-Anita' litt og!» seier ho og legg til at ho syns det er kjekt å ha ein kombinasjon av administrative oppgåver og oppgåver der ho får møte menneske, og spesielt born og unge.

For underteikna er det ikkje mogleg å nemna Anita utan at ein og nemner song, og Anita er ein av dei som er mykje brukt til å syngje i ulike samanhengar i kyrkja, mellom anna i songgruppa Damed'n. Men ho byrja ikkje å synge offentleg før ho kom til Leikanger.

«Musikken har nok alltid vore der, og eg har blitt fortalt at mitt første ord var 'innpå', medan eg peika på kassettspelaren. Men eg sang ikkje offentleg før eg vart spurta om å bli med på 'Jazz i høstmørket' på Leikanger for ein del år sidan.»

Den gong var Guro liten, og Anita og Guro gjekk på babysang. Der møtte ho Odrun Myklebust, som høyrdt Anita og spurte om ho kunne tenke seg å vere med på «Jazz i høstmørket». Sidan har Anita vore med i mykje, og vore sangsolist i mange gravferder, vigsler og anna.

Frå hausten 2021 har Anita vore med i trusopplæringsutvalet til kyrkja i Sogndal. Der kom ho inn som Leikanger sin representant, etter at Hege Askvik flytta frå bygda same haust.

«Gjennom TOL-utvalet har eg fått eit godt innblikk i kva kyrkja er, kva kyrkja driv med og kor stort spenn det er i det kyrkja gjer. Det er både inspirerande og fascinerende å sjå at kyrkja møter folk gjennom heile livet og i alle slags situasjonar. Det opplever eg som veldig meiningsfullt», seier ho.

Anita fortel at ho har blitt godt motteken på kyrkjekontoret, og at det er ein god stad å vere.

«Eg trivst veldig godt, og eg har



fått kjekke kollegaer. Det er mykje humor her, mange gode samtalar og det er både låg terskel og stor takhøgde», seier Anita før ho må avslutte intervjuet for å dra på Skaparverkstur med konfirmantane.

«Forresten – det må eg fortelje! Eg traff ein som var litt bekymra for at vi skulle på Skaparverkstur ein dag. Det regelrett bøtta ned, og vedkommande var bekymra for konfirmantane. 'Ikke uroa deg', sa eg, 'vi har gode kontaktar i kyrkja'. Og jammen meg vart det opplett!!» ler ho og går ut døra!

Hallgeir Øgaard Westli
Tekst og foto

Nytt frå fellesrådet

I Sogndal er alle 8 kyrkjene gamle bygg som treng både kjærleik og vedlikehald. Slike gamle bygg treng gjerne også eit anna vedlikehald enn det me gir våre private heimar. Alle kyrjebygga våre her er anten listeførte eller freda av Riksantikvaren. Det krev også ei anna oppfølging av bygga og søknader som må godkjennast før ein kan setje i gang.

Kvamsøy kyrkje

Som tidlegare nemnt har me hatt eit stort vedlikehaldsarbeid på gang på Kvamsøy, og når bladet kjem ut er dette truleg sluttført. Vedlikehaldsarbeidet kom i gang i midten av august. Då vart takstein og materiale floge over til øya med helikopter. Det vart heile 60 helikopterløft! Taksteinen er no skifta ut på hovudtaket, og undertaket har fått ny underduk. På støttepilarane er undertaket utbetra, men den gamle taksteinen er lagt tilbake på plass. Dette var det krav om frå Riksantikvaren. Under støttepilarane er det ikkje rom, slik at risikoen ikkje er så stor sjølv om taksteinen er gamal. Det er reparasjon av taket og austveggen som har fått prioriteten denne gongen. I tillegg er taket på tårnet tjørebredid, og veggene på tårnet er måla med kvit linoljemaaling. Mønebord og hovudinngangsdør er også tjørebredid. Det er montert nye takrenner i kopar, og sidedøra er nylaga. Det er nytta frittståande stillas sidan ein ikkje har lov å festa dette i veggen. I slutten av september vart stillas og anna utstyr med meir floge tilbake frå øya.

Stedje kyrkje

Som kjent må det ein større reparasjon til på denne kyrkja, og vedlikehaldsarbeidet vil truleg strekkje seg over lang tid. På sideinngangen i sør måtte ein fjerna den noverande trappa. Det måtte skiftast ut ein del massar under trappa for å få stabile nok massar under ny trapp. Dette fordi heile sideinngangen var i ferd med å sige i marka og slite seg laus frå sjølve kyrkjebygget. Trappa vart fjerna under overvakning av arkeolog 17. august, og det var ingen merknader når det gjaldt automatisk freda kulturminne i grunnen. Arbeidet med trapp og sideinngang går difor no vidare. No er ny trapp på plass og arbeidet med sideinngangen er godt i gang. Reparasjon av vindauge over hovudinngang var også omfattande, men er no heilt ferdig og arbeidet med dei andre vindauge langs sørveggen er i gang. Stedje kyrkje er mykje i bruk og me prøver å utføre dette arbeidet så skånsamt som mogleg. Noko meir uro og rot må ein likevel rekne med under eit slikt arbeid, men me håpar at det ikkje skal bli til for mykje sjenanse for nokon. Håpar de kan bere over med dette medan arbeidet pågår.

Kaupanger kyrkje

Sogndal kommune hadde ute arbeidet på riving av noverande gravplassbygg og oppføring av nytt gravplassbygg og kyrjestove på Kaupanger på anbod med svarfrist i juli månad. Diverre viste det seg at det tilbodet dei fekk inn ikkje let seg

dekke av det som var budsjettet. I utgangspunktet var det tenkt at arbeidet skulle starte opp i august og stå ferdig i mai 2023. Diverre er det ikkje råd å få dette til innanfor dei fristane no. Kommunen skal ta ny vurdering av tiltaket i haust. Fellesrådet mottok elles gladmeldinga om at hjortegjerde rundt gravplassane no endeleg er godkjent av vernestyresmaktene. Løyve gjeld eit sesongbasert gjerde som kan stå oppe frå september til og med april månad. Me har difor ei målsetjing om å få montert hjortegjerdet i slutten av september.

Fjærland kyrkje

Her er søknad om montering av lynvernанlegg sendt til vernestyresmaktene, og løyve er gitt men der ein må ha arkeologisk registrering av grunnen der ringjord skal leggjast ned. Fellesrådet fekk utarbeida ein lynvernrapport for kyrkja i 2021, og denne ligg til grunn for arbeidet med å få montert eit slikt anlegg på kyrkja. Me har også hatt ein gjennomgang av det elektriske anlegget på kyrkja, og den viste mellom anna behov for utbetring av flaumlyset. Me håpar difor no å få skifta ut dette til LED-lamper samstundes som me får montert lynvern på kyrkja i haust. Arbeidet må likevel vente til neste år, då det ikkje er mogleg å få tatt den arkeologiske registreringa i haust.

Leikanger kyrkje

Det er no i gang eit arbeid med utbetring av det elektriske anlegget på kyrkja. Mykje av det



Trappa under sideinngangen på Stedje har blitt fjerna, og erstatta av ny trapp.
Foto: Hallgeir Øgaard Westli

elektriske utstyret er gammalt og har behov for utskifting eller utbetring. Dette arbeidet skal stå ferdig i haust. Me håpar også på å få renovert kyrkjeorgelet til våren. Orgelet vart bygt av den norske orgelbyggjaren J.H. Jørgensen i 1981, men deler av det gamle orgelet frå 1913 er gjenbrukt i orgelet. Orgelet frå 1981 vart også bygt inni det gamle orgelhuset frå 1913. Det er no behov for ein skikkeleg gjennomgang og reingjering av orgelpiper med meir, samt ei omintonering (justering av klangen) i orgelet. Nokre skadar har også orgelhuset fått etter alle desse åra, så det vil bli reparert samtidig.

Tjugum kyrkje

I Tjugum er det behov for montering av eit nytt brannvarslingsanlegg i kyrkja. Det gamle anlegget var eit anlegg som varsla lokalt, men oppringa til privatpersonar er defekt. Sidan kyrkja også er listeført av Riksantikvaren, må det innhentast løyve før eit slikt arbeid kan setjast i gang. Søknad

om montering av anlegget vart sendt, og synfaring med Riksantikvar er gjennomført. Me har no fått godkjenning på søknaden, og brannvarslingsanlegget skal monterast no i haust.

Fellesmøte mellom fellesrådet og sokneråda

Fellesrådet skal invitere sokneråda til fellesmøte kvart år, og i år er det tenkt lagt til 17. november på Leikanger kyrkje-lydhus. Foreløpig invitasjon er sendt til sokneråda slik at dato skal bli gjort kjent. Endeleg tema for møtet er ikkje sett, men det vil vere naturleg å ta opp det komande kyrkjevalet og førebuingar til det. Erfaringsutveksling mellom sokneråda er også viktig, og ein del tid vil bli sett av til det.

Prostimøte i samband med avskil for biskop Bordhaug

Biskop Halvor Nordhaug går av med pensjon ved årsskiftet, og har i den samanheng planlagt visitasar i alle prostia i bispedømet i haust. For Sogn prosti er visitasen lagt til 5. oktober, og

dette blir ei samling for både tilsette og råd. Dei tilsette samlast til eige møte på dagtid, medan sokneråd, fellesråd og frivillige samlast på ettermiddagstid. Biskop Halvor Nordhaug vil dele erfaringar og refleksjonar. Programmet vil ha eit innhald som løftar fram det viktige arbeidet som skjer rundt omkring i kyrkjelydane. Frivillige og tilsette står saman om å skape gode møteplassar og samlingar for folk i kyrkja. Sjølv om ein del av programmet vil bli prega av at dette er avskjed med Halvor, så er det inspirasjon på vegen vidare biskopen vil løfte fram. Biskop Halvor Nordhaug sluttar som biskop 1. desember 2022, og det blir avskjeds-gudsteneste 20. november i Bergen domkyrkje.

Fellesrådet vil ynske dykk alle ein fin haust!

Venleg helsing

Jorunn Merete Haukås-Eide
Kyrkjeverje i Sogndal

St. Olafs kyrkje

Engelskkyrkja 125 år



I år er det 125 år sidan Engelskkyrkja i Balestrand vart innvigd. Dette vart markert 26. mai – helgetorsdag. Kyrkja er anglikansk og soknar til Diocese in Europe – Det europeiske bispedømet i Church of England. Framleis fyller dette bygget viktige funksjonar i ei turistbygd, og det var ei høgtidsdag i jubileumsgudsteneste.

Preiketeksten var frå siste kapittel i Lukasevangeliet, der det blir fortalt om korleis Jesus velsigna læresveinane medan han vart teken opp til himmelen. I preika fortalte biskop David Hamid frå ei helgetorsdagsgudsteneste der han hadde i oppgåve å fylla ballongar med helium. Idéen var at då dei steig oppover, skulle ein kunna sjå for seg Kristi himmelfart. I ettertid er han ikkje så sikker på om dette tente bodskapen. Ein kunne koma til å tenkja at berre observasjonane er gode nok, så er det mogeleg å sjå Guds himmel. Men det er assosiasjonar som ikkje er i tråd med skrifta. Den treeininge Gud er ikkje bunden av tid og rom, men her i tida har me fått både Bibelen og Den heilage ande. Dermed kan me la Gud peika ut kurser. Gjer me det, kan me tena han og medmenneska våre på måtar me ikkje kan sjå for oss. Også no, 125 år etter at kyrkja vart reist, ønskjer Gud å møta den som kjem til dette huset med nåde og frelse.

Historia bak

Sidan det er få anglikanske kyrkjebygg i Noreg, kan det vera interessant å gå nærmare inn på

historia bak denne kyrkja, og då kan me byrja med den tekniske utviklinga som fann stad for eit par hundre år sidan.

1800-talet var eit århundre med store endringar, ikkje minst når det galdt reisemåtar. Var ein godt stilt, kunne ein nyitta hest og vogn, og på sjøen var det segl som gjaldt. Ved utgangen av århundret var dette annleis. I Europa var det no eit nettverk av jarnbanelinjer, og på havet kunne dampskip halda ruta uavhengig av værtihøve. Dermed tok fleire ut på reis, og i 1885 arrangerte til dømes reisebyrået Thomas Cook første pakketur til Noreg.

Margaret Sophia Green var prestedotter, fødd nyttårsaftan 1850. Då far hennar døydde i 1873, busette ho seg i Leicester. Frå oppvekståra var Margaret fortruleg med gudsstenesta og hadde undervist på «skulen» faren hadde for landsbyborna. I Leicester engasjerte ho seg i kyrkjelyden som var knytt til St. Martin's Church, katedralen i byen, der ho fleire gonger deltok under framføring Matteuspasjonen.

Familien Green var velståande, og ho kunne difor ta seg tid og råd til å reisa og vitja andre stader. Me kan sjå for oss at ho då har blitt fascinert av fjellklatring. Margaret var i slutten av tjueåra då ho tok opp denne sporten. Jarnbaneutbygginga var no kome så langt at Mellom-Europa var eit aktuelt reisemål. I 1880 klatra ho i Alpane for første gong – og det gav tydeleg meirsmak,

for ho hadde fleire turar dit dei følgjande åra. Det handla om tindbestigning – strabasiøse turar der dei kunne halda det gåande opptil 14 timer for dagen.

Til Noreg kom Margaret første gong i 1886, og då med dampskip frå Hull til Bergen via Stavanger. Før ho returnerte til England hadde ho vore på Buarbreen i Hardanger og til topps på Romsdalshorn i Romsdal. I 1888 er ho attende i Noreg, og i årboka til Den norske turistforeining for same år skriv ho om bestigninga av Store Styggedalstind – den fjerde høgste fjelltoppen i Noreg. Dette er første gong ei kvinne signerer ein artikkel i denne årboka. Kanskje eit teikn på at Margaret representerte eit nytt kvinneideal med handlekraftige og sjølvstendige kvinner.

I boka John Roden har skrive om Margaret Sophia Green Kvikne og Engelskkyrkja skriv han at Margaret kanskje alt på den første noregsturen var innom Balestrand, men heilt sikkert er det at ho overnattet på Kviknes Hotell i 1888 og har i alle høve då møtt Knut Kvikne.

Balestrand var ein gjestgjevarstad frå gamalt av, og i 1877 kjøpte Ole Kvikne Danielsens gjestgiveri. Knut, bror til Ole, var då i USA, men kom attende året etter og snakka no flytande engelsk. Dei to brørne saman med Kari, kona til Ole, var på åttitala godt i gang med å utvikla gjestgiveriet til eit leiande turisthotell. Knut tok seg særleg av hotellgjestene og kunne by på turar i bratte og ville balestrandsfjell.



Då Margareth Sophia Green kom til Bergen i juli 1886, gjekk ho til fotograf. Fotoet syner ei kvinne med friske drag og ein legga til: med tru på framtida.

Foto frå fotosamlinga etter Margaret Sophia G. Kvikne. Nyttet etter løyve frå Marta Kvikne.

Margaret og Knut fann tonen, og i august 1892 gifta dei seg. Margaret sette sitt preg på hotelldrifta, og den justerte menylista fall i god jord hos hotellgjestene, særleg dei som kom frå England. Ho sytte for at det vart arrangert anglikanske gudstenester på hotellet og arbeidde tidleg for at det skulle bli reist ei eiga kyrkje for slike gudstenester.

I ettertid kan det sjå ut til at



Biletet syner at både den anglikanske og den norske kyrkja var godt representert på jubileumsgudstenesta.
Framme frå venstre: Joanna Udal (Senior Chaplain in The Anglican Chaplaincy in Norway), Geir Sørebø (vikarprest og tidlegare prost i Ytre Sogn prosti) og Ingeborg Wörheide (forstandar i The Anglican Chaplaincy in Norway).
Bak frå venstre: Kjetil Netland (Sokneprest i Balestrand), Erlend Fagermoen (Leiar i Vener av St. Olafs kyrkje), Ole D. Hagesæther (Biskop emeritus, Bjørgvin bispedøme), David Hamid (Rt Suffragan Bishop, Diocese in Europe) og Kirk Weizz (Assistant Chaplain for Bergen Anglican Church).
Foto: Jostein Risa



Kyrkja vart påbyrja hausten 1896 og vart innvigd 18. juli 1897. Byggmeister var Anders Korsvoll frå Eivindvik, han hadde mellom anna kyrkja i Arnafjord på merittlista. Eirik Jonson Horpedal, oppvaksen i Fjærland, sto for utskjeringsarbeidet. Han var inspirert av Lars Kinsarvik, som prega norsk treskjerarkunst på denne tida. Sjølv om Balestrand var ein liten stad, så trådde kapitalsterke gjevarar og dyktige fagfolk til.

Foto: Helge Eilifsen

Margaret var smitta av tuberkolose då bryllaupet sto. Kanskje er ikkje det så urimeleg når ein veit ho hadde bak seg mange overnattingar under enkle tilhøve i fjellheimen. Då ho låg på det siste, fekk ho lovnad frå Knut om at det skulle bli reist ei anglikansk kyrkje i Balestrand. Og som Johs. B. Thue skriv: «Og Knut lova og Knut heldt ord.»

Det var i januar 1894 Margaret sovna inn, og i oktober året etter vart ein høveleg parsell overdregen til The Society for the Propagation of the Gospel in Foreign Parts, eller utanlandsavdelinga i den anglikanske kyrkja. To amerikanske kvinner som vitja Balestrand årvisst, miss Gertrude Abbott og Elizabeth Winslow Peters, gav store summar til den påtenkte kyrkja. Jens Zetlitz Kielland, arkitekten bak jarnbanestasjonen i Bergen, teikna ei kyrkje inspirert av stavkyrkja som sto i Vang i Valdes.

Helge Eilifsen
Tekst

I dag, 125 år etter innviinga, er dette ei kyrkje både for tilreisande og fastbuande. Ved at ho er knytt til den anglikanske konfesjonen og ikkje Den norske kyrkja, blir ein minna på det universelle ved kristendommen. Og det blir tydeleg at enkelt-personar sine val, kan gi velsigning til dei mange som seinare kryssar deira spor.

Skriftlege kjelder

- Roden, John (2017). *The history of St. Olaf's 'English Church', Balestrand*.
- Thue, Johs. B. *Fjella skal bera fred til folket. Eit historisk essay om ei kyrkje og ei kvinne.*
- Underdal, Hans Martin (2002). *Kvikne's Hotel. Skald.*

Velkommen til dåp!

Når eit barn blir bore til dåpen, vert vi minna om at ingen kan bera seg sjølv. Gjennom dåpen vert vi del av eit verdsvidt fellesskap, og samstundes ein del av den lokale kyrkja. Vi vert bundne saman med truande til alle tider.

Dåpen er ei markering der barnet har alle sine viktigaste støttespelarar rundt seg, og der Gud lover å følgje barnet alle dagar.

Les meir og meld inn dåp på www.sogndal.kyrkja.no/Dåp



DEN NORSKE KYRKJA
Sogndal kyrkjelege fellesråd



Takk for flott kyrkjelydstur

Over Gularfjellet til Askvoll

Med Rune Hovland ved rattet i bussen starta reiseføljet med 55 deltakrar turen sin på veg til Gularfjellet. I følgjet var også Vidar Lægreid, ein framifrå forteljar med gode kunnskapar om vegane me køyrde på og plassane me passerte. Han gjorde at turen vart ekstra kjekk og interessant. I tillegg hadde han mange gode historiar og vitsar å komma med.

På Gularfjellet vart det ein kort pause. På vegen vidare til Askvoll køyrde me gjennom variert naturlandskap med grøne børar,

brusande fossefall og stille vatn og her og der beitande dyr.

På Askvoll vart me servert velsmakande raspeballar med tilbehør, dessert og kaffi. Etter middagen rusla vi bort til kyrkja der me vart helsa velkommen av presten sjølv, Kjell Olav Høstaker Nordheim. Den flinke kantoren Sabina spelte vakker musikk for oss, Kjell Olav gav oss ord for dagen og litt orientering om den lyse og trivelege kyrkja. Han inviterte oss så bort til prestegarden til saft og omvising. Heimturen gjekk via

Stongfjorden til Førde og vidare heim att til Sogndal.

Turnemnda med Gitte Therkelsen Torstad i spissen hadde planlagt godt og gjorde ein framifrå innsats på turen med diverse innslag. Dei og det fine veret, skal ha ein stor takk for at turen vart så utruleg kjekk og vellukka.

Arne Bjelde
Nøgd deltakar

Gitte Therkelsen Torstad
Foto





skulestart i kyrkja

**Spente førsteklassingar
møtte kvelden før skulestart i
kyrkja. Skuleelevane og
vaksne gjekk saman fram til
lysgloben, tende lys og bad
for eleven sin.**

– Me førebur oss på første skuledag. Ein mjuk start på å gå i skulen og det skal vera ein god kveld før å markera at de byrjar på skulen i morgen, seier sokneprest Vegard Bondevik Lie då han helsa alle velkomne til skulestart-markeringa i Leikanger kyrkje. Tidlegare på dagen var det same type gudsteneste i Stedje kyrkje der prestevikar Helge Torstad og trusopplærar Birte Husum tok i mot førsteklassingane i Sogndal.

Gjera forståeleg

Birte Husum, leiar for trusopplæringa i Sogndal og Leikanger tok utgangspunkt i Bibelen om Bartimeus, ein blind tiggjar. Då han høyrdet det var Jesus frå Nasaret, byrja Bartimeus å ropa på Jesus då han kom inn til Jeriko. Og korleis Jesus gav han synet att. For at alle i kyrkja denne kvelden skulle forstå teksten, visualiserte dei teksten.

Prest Vegard fekk bind for augo og hadde rolla som ein blind tiggjar, og viste korleis det var å oppleva at Jesus gav han synet att.

Hjelpa medelevar

– Nokre elevar på skulen kan

vera trist. Då kan du gå bort og spørja om dei vil vera ven med deg, eller du kan spørja nokre vaksne kva me kan gjera for å hjelpe dei som er triste, seier presten.

Dette var ei gudsteneste med mykje song og musikk. Og det var ikkje berre foreldre, sysken og førsteklassingane som var spente for morgondagen. Prest Vegard og organist Hallgeir Øgaard Westli skulle også på måndagen møta på skulen med ein førsteklassing.

Fin markering

– Ei gudsteneste for dei som skal byrja på skulen, er ei fin innleiing på første skuledagen



og skuleåret, seier Elianne Eggum, mamma Ole Magnus, og er like spent som sonen korleis vil vera å byrja i skulen.

Denne sundagskvelden var ein vakker solskinnsdag av dei sjeldne denne sommaren. Då var det ekstra stas å slutta gudstenesta med å få pølse og saft til alle ute på kyrkebakken.

Sigrid Svartefoss

Tekst, foto frå Leikanger

Ingunn Løvik

Foto frå Stedje



200 år sidan César Franck blei fødd:

Orgelkonsert i Stedje


Laurdag 10. desember kl. 18 vert det orgelkonsert i Stedje kyrkje med musikk av den franske komponisten César Franck.

César Franck vart fødd i Liège, Belgia, 10. desember 1822, men budde mesteparten av sitt liv i Paris, Frankrike.

César fekk utdanning som konsertpianist, men det var som organist han skulle bli mest kjend. Han var i mange år organist i kyrkja St. Clotilde i Paris, og er av mange rekna for å vere den største orgelkomponisten etter Bach.

Denne laurdagen er det nøyaktig 200 år sidan César Franck vart fødd, og det vert markert med ein orgelkonsert i Stedje kyrkje, ved Hallgeir Øgaard Westli, kantor i Leikanger og Fjærland kyrkjer.

Sjå www.sogndal.kyrkja.no/kultur for meir informasjon.



JULAFTA I ÅR

Julafta er du velkommen til å feire saman med andre, fra kl. 15 til 18 på Stedjetunet.

Har du lyst å hjelpe til i forkant er du velkommen til det, det er kjekt å gjøre ting i lag! Sjølve afta er tenkt som ein tradisjonell feiring med julemiddag og dessert, vi les juleevangeliet, går rundt juletreet og syng nokre av dei kjende julesongane.

Ta kontakt med Gitte, diakon, på kyrkjekontoret tlf. 97416519



Møte på Stedjetunet, Kyrkjevegen 6

v/ Dalklang og Middalen Sjømannsmisjonslag
onsdag 9. november kl. 19.30

- Andakt ved misjonssekretær Andreas Bjerre Nielsen
- Dalklang syng
- Utloftning
- Bevertning

Alle er velkomne!



Kyrkjelydstur for Balestrand sokn:

Lyngmo 10.-12. februar 2023

Balestrand sokneråd har tradisjon for å invitere heile kyrkjelyden med på ei helg på ein leirstad annakvart år. Grunna korona vart turane i 2020 og i vår dessverre avlyste, men no satsar vi friskt helga 10.-12. februar 2023.

Dette er ei leirhelg for heile kyrkjelyden (også potensielle nye medlemmar) med fokus på å inkludere og utruste alle, uavhengig av alder, sivil status eller kulturbakgrunn, til godt samliv og deltaking i fellesskapen. Målet er å samle flest mogeleg på tvers av aldersgrupper og vennekretsar. Vi reiser saman, et saman og «drøsar» saman. Vi har laga eit allsidig program der vi legg til rette for samtale, fellesskap, undervising, leik og fysisk aktivitet. Det vert både felles og aldersdelte aktivitetar. Det blir eigne ungdomssamlingar fredag og laurdag kveld.

Det vert livsnære seminar og samlingar med fokus på to hovudtema: Relasjonar og «Use your talents». Temaet «relasjonar» er aktuelt for menneske i alle livssituasjonar. Vi ynskjer å bli betre i våre relasjonar både på heimebane og i kyrkjelyden. Kyrkja skal vere ein stad der ein får hjelp til å leve saman. Gjennom felles samlingar og aktivitetar vil vi skape samhørsle og styrke fellesskapen. I tillegg ynskjer vi å formidle at alle er viktige og har noko å bidra med i fellesskapen. «Use your talents» er eit opplegg utvikla av NMS for å inspirere fleire til å bruke evnene og gåvene sine. Vi er så heldige å ha med oss Anine Mildestvedt (rådgjevar for ungdom i Bjørgvin bispedømme) og Tomas Mildestvedt (lege og foredragshaldar) som vil undervise deler av helga. Dei er erfarte kurshaldarar frå Familieskolen



(www.familieskolen.no), ei foreining som hjelper par og foreldre med å danne gode relasjonar. Vi gler oss til å vere saman med dei.

Vi ynskjer at terskelen skal vere veldig låg for å delta, då dette er eit viktig bidrag til miljøskaping, rekruttering, inkludering og bygging av kyrkjelyden. Ved hjelp av OVFMidlar og subsidiar frå soknerådet kan vi tilby overkomelege prisar. Skulle det likevel vere økonomiske hinder for å delta, ta kontakt med Jenny Menes (Balestrand sokneråd).

Vi har tru for at dette vert ei flott helg! Håpar mange frå Balestrand vil vere med!

Magni Åm Risa

Tekst

Har du spørsmål eller ynskjer å melde deg på, ta kontakt med Jostein Risa på kyrkjekontoret (920 60 832) eller Jenny Menes (414 69 329) frå Balestrand sokneråd.

Trusopplæring 2022

FJÆRLAND, KAUPANGER, LEIKANGER, NORUM OG STEDJE SOKN



TÅRNAGENTDAG

laurdag 22. oktober i og ved ØLMHEIM kyrkje for ALLE som går i 3. og 4.klasse. Oppdagingsferd i kyrkja, med tårnbesøk og hemmelege spor, mat og kjekke oppgåver. Dette gler me oss til, og håpar å treffen mange. 8- og 9-åringane i dei fem sokna får informasjon i posten, med påmeldingsfrist. De kan allereie melde dykk på via nettsida vår.



Sprell Levande gudsteneste Stedje kyrkje 30. oktober

kl. 11.00
5-åringane vert særskilt inviterte og får ei lita helsing. Heile familien er velkommen.

LYS VAKEN-helg 19.-20. november med kyrkjekino på Stedjetunet og i Stedje kyrkje

10-åringane vert inviterte til å vere med på kyrkjekinoen på Stedjetunet laurdag kveld.

11- og 12-åringane vert med heile helga og får høve til å overnatte (frivilleg) på Stedjetunet. Me skal også bruke mykje tid i kyrkja, der me mellom anna feirer det nye kyrkjeåret på forskot.

Me avsluttar med ei Lys Vaken gudsteneste med fokus på diakoni på søndagen.

Dette blir ei spennande og kjekk helg.



Babysong for 0-åringar

i perioden 24.8-1.12.

Sjå heimesida for informasjon om datoar, klokkeslett og vekedagar.

- Kaupanger bedehus
- Stedjetunet
- Leikanger kyrkjelydshus



Småtrolltrall for 1-3-åringar

Nokre torsdagar i haust møtast me på Stedjetunet for song og leik, kjeks og saft kl. 17.15-18.15. Sjå heimesida for datoar.



4-, 6- og 11-årsbøker:

Fekk du ikkje høve til å kome på gudstenesta der me delte ut bok til dei som fyller 4, 6 og 11 år i 2022? Kom gjerne innom kyrkjekontoret og hent deg ei bok. Ved spørsmål: Ta kontakt med trusopplærar Birte.

Det vert ny utdeling av 11-årsbibel i alle sokn i januar/februar for dei som fyller 11 i 2023.



Engleverkstad og før julssamling, 7-åringar

Velg mellom desse:

- **Leikanger kyrkje** tysdag 22. november kl. 16.30
- **Stedje kyrkje/Stedjetunet** onsdag 30. november kl. 17.00

Sjå meir informasjon på nettsida vår.

Er det noko du lurar på om trusopplæringstiltak i sokna Stedje, Leikanger, Kaupanger, Norum og Fjærland, ta kontakt med trusopplærar Birte Husum (947 98 799, Birte.Husum@sogndal.kyrkja.no)

BALESTRAND SOKN

Babysong/ småbarnstreff (0-3 år)

Velkommen til prat, song og føremiddagsmat på Helsestasjonen kl. 10.30-12 desse måndagane: 3. oktober og 21. november.



Følg elles med på Facebookgruppa Balestrand babysong eller ta kontakt med kyrkjelydspedagogen (466 97 476) om du har innspel eller spørsmål.

HAUSTTAKKEGUDSTENESTE Søndag 2. oktober i Tjugum

Ta med heile familien og gjerne ei lita skål eller korg med frukt, grønsaker, blomar eller anna som barna kan bere fram til alteret.



Du som fyller 4 år i 2022 er spesielt velkommen og vil få utdelt ei fin 4-årsbok.

Alle som går på ungdomsskulen er hjarteleg velkomne på Samtalegruppe

annakvar onsdag kl. 19.30-21.30 heime hos familien Risa i Fjærestad 42. Vi et saman, pratar om liv og tru, utforskar Bibelen og blir betre kjende med Gud og kvarandre.



Velkommen på Nestenåring (5-8. klasse)

Klubb på Bedehuset kl. 18-20 fredag 21/10 og 25/11.



Ung Messe kl. 20 i St. Olaf 27. oktober og i møtesalen på Sygna torsdag 8. desember

Velkommen til kreative gudstenester av, med og for ungdom.

I tillegg til trusopplæringstiltaka arrangerer frivillige lag og organisasjonar mange gode og kjekke aktivitetar for born og unge med rom for å vekse i trua.

Velkommen på:

- Spiren (3-7 år) og Addis (8-13 år) kl. 17.30-19. onsdag i partalsveker (haust).
- KRIK (14-20 år) kl. 16.30-18 kvar fredag.
- Lagsmøte på ungdomsskulen i matfriminuttet kvar onsdag.
- Kveldsmøte i møtesalen på Sygna VGS kl. 20 kvar torsdag.

Har du spørsmål eller innspel til noko av dette, eller du berre ynskjer ein prat, ta kontakt med kyrkjelydspedagog og ungdomsdiakon Magni (466 97 476)

Ungdomskveld på Bedehuset
for elevar på ungdomsskulen og VGS kl. 19-24 fredag 18. november.

Velkommen til kjekke aktivitetar, ungdomsband, andakt, kiosk og god stemning!

ANNONSE

Treng du strøsand til vinteren?

Førebyggjande tiltak for eldre og uføre i «gamle» Sogndal kommune.

Ny 65 liter-balje + sand: kr. 150,-
Kun påfylling (50/65 liter): kr. 50,-

Levering på «døra» av Lions Club Sogndal laurdag 22.oktober fra kl. 10:30.

Bestilling til Sogndal Frivilligsentral

Tlf: 992 86 017

Frist: Onsdag 19. oktober



Lions Club Sogndal



LØYSING KRYSSORD


I sommarnummet av kyrkjelydsbladet var det eit kryssord.
Her er løysinga til kryssordet.



BARNAS

Labyrinth

Kan du hjelpe Gulliver gjennom labyrinten?



Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

**Bestill abonnement
på [sondagsskolen.no](#)
eller **22 08 71 00****




- Klarar du å teikne ein rett strek med ein linjal?
 - Sjølvsagt!
 - Godt gjort! Eg klarar det ikkje utan blyant.

Vitsar

Eit egg fekk
sjå seg sjølv i eit
speil.

- Vitsar**

 - Eit egg fekk sjå seg sjølv i eit speil.
 - Å nei, eg har blitt eit speilegg!
 - Pass deg for trappa!
 - Kva for ei trapp-app-app-app ...



Støttespelarane våre:



www.lerum.no



Fossetunet 1 | 6856 Sogndal
Tlf: 57 67 65 40 | skjeldestad@kontorspar.no
www.kontorspar.no



Sogn Synssenter

Eit variert utval i alle prisklassar av innfatningar, brilleglas, kontaktlinser solbriller, kikkertar og luper.

Tlf: 57 67 50 50




Parkveien 5, 6856 SOGNDAL • Tlf. 57 62 88 50 • e-post: post@advokat-tollefsen

GRAVMINNE:



NORDBOHUS SGN
www.nordbohus.no/sogn



Sogn Kontorsenter
57 67 66 99
www.sognkontorsenter.no



Telefon heile døgnet:
57 68 14 77

Kjell Grønli | Hans Magne Kvåle | Ingar Husum | Hege Urnes
Post- og besøksadresse: Parkvegen 3, 6856 Sogndal



Telefon: 57 67 18 85

Opplæring klasse
A1-A-B-BE-T-M146

Trafikalt grunnkurs

E-post:
post@hofslundsgen-trafikkole.no



Sognekraft
- set krefter i sving

www.sognekraft.no - P.b. 3, 6891 Vik i Sogn - post@sognekraft.no



qcom
OFFENTLEG GODKJENT
REINGJERINGSFIRMA
www.ncomsogn.no

ALT INNAN TØMRAR
OG BETONGARBEID

KONTAKT OSS FOR TILBOD!



VestlandsHus®

VestlandsHus Sogn AS • Tlf 57 67 33 88

FS Anlegg as
www.fsanlegg.no

THARASO AS



SOGN
KJØLESERVICE
sognkulde.no

57 67 11 11



SOGN
KJØLESERVICE

sognkulde.no

Ledig annonseplass!

KVAMME*REKNESKAP AS
Autorisert rekneskapsførarselskap
FJÆRLAND [57 69 12 03] – SOGNDAL [57 67 22 02]
laura@laurav.no – 913 63 327

TRENG DU
NOKON Å FORTELJE
DET TIL?
KIRKENES SOS
22 40 00 40

Ætti i glede og sorg



Sjå sogndal.kyrkja.no for påmelding til dåp eller ta kontakt med kyrkjekontoret om moglege datoar for dåp og vigsel. Telefon 57 67 99 85

DØYPTE

BALESTRAND

06.06.2022 Aurora Eline Diaz Eikelund i Kvamsøy kyrkje

FJÆRLAND

05.06.2022 Åsa Grønstad Langhelle

09.07.2022 Ingrid Supphellen

KAUPANGER

04.06.2022 Mikkel Kauppi Højmark

10.07.2022 Alvin Hovland

10.07.2022 Ingeborg Rygg

31.07.2022 Kristina Wiborg Bøthun i Stedje kyrkje

14.08.2022 Amalie Fåberg Høifødt

28.08.2022 Alexander Skeistrand

28.08.2022 Åsne Molland Langeland

NORUM

04.09.2022 Dennis Mjell Slinde

04.09.2022 Lucas Røysum Syvertsen

STEDJE

05.06.2022 Marianne Alfei

05.06.2022 Sander Bloch Helmers Hofslundsengen

06.08.2022 Luna Sandvik Uglum

14.08.2022 Sigrid Myrmel

26.06.2022 Ina Skophamar Espe

31.07.2022 Maia Aase Ness

04.09.2022 Sjur Henjum Buene – friluftsdåp Leikanger

GRAVLAGDE

BALESTRAND

27.05.2022 Andor Rømøren (Tjugum kyrkje) f.1929

27.05.2022 Inger Kristine Sjøthun (Tjugum kyrkje) f.1929

20.07.2022 Tage Johan Sandvold (Tjugum kyrkje) f.1946

17.06.2022 Anna Dalheim (Sæle kyrkje) f.1925

15.07.2022 Gunnar Stokkebø (Sæle kyrkje) f.1934

02.08.2022 Kåre Brunborg (Stedje kyrkje) f.1938

NORUM

08.07.2022 Kjell Lidal f.1949

STEDJE

27.05.2022 Tor Johan Halle f.1934

27.05.2022 Gunnstein Orrestad f.1938

24.06.2022 Unn Kristin Sva f.1973

30.06.2022 Torstein Eide f.1937

08.07.2022 Ingolv Gudvangen f.1965

20.07.2022 Anna Nesheim Selseng f.1928

22.07.2022 Sofia Elisabet Vikheim f.1933

26.07.2022 Magne Jan Knausen f.1933

02.08.2022 Kåre Brunborg f.1938

12.08.2022 Anne-Lise Eiken f.1951

19.08.2022 Ingebjørg Hollekve f.1937

19.08.2022 Signe Marie Fosse Refsdal f.1950

30.08.2022 Edith Øren Eresberg f.1951

Velkommen til gudsteneste



Med etterhald om endringar. Følg med i Sogn Avis, på våre nettsider eller våre profilar på Facebook og Instagram for oppdatert informasjon.
Denne lista kan og klippast ut!

OKTOBER

9. oktober

Stedje kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste

16. oktober

Leikanger kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste

23. oktober

Kaupanger stavkyrkje kl. 19.30: Kveldsgudsteneste

30. oktober

Fjærland kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste

Tjugum kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste

Stedje kyrkje kl. 19.30: Kveldsgudsteneste

Stedje kyrkje kl. 11.00: Sprell Levande-gudsteneste

Kaupanger stavkyrkje kl. 11.00: Gudsteneste

Sæle kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste

Leikanger kyrkje kl. 17.00: Familiegudsteneste

NOVEMBER

6. november - Helgemesse

Ølmheim kyrkje kl. 11.00: Helgemesse-gudsteneste

20. november

Kaupanger stavkyrkje kl. 11.00: Helgemesse-gudsteneste

13. november

Tjugum kyrkje kl. 11.00: Helgemesse-gudsteneste

27. november - 1. søndag i advent

Stedje kyrkje kl. 18.00: Helgemesse-gudsteneste

20. november

Leikanger kyrkje kl. 19.00: Helgemesse-gudsteneste

13. november

Stedje kyrkje kl. 19.30: Gospelgudsteneste

20. november

Stedje kyrkje kl. 11.00: Diakoniens dag og LysVaken-gudsteneste

27. november - 1. søndag i advent

Leikanger kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste. Diakoniens dag

20. november

Tjugum kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste

27. november - 1. søndag i advent

Kaupanger stavkyrkje kl. 19.30: Gudsteneste. Diakoniens dag

27. november - 1. søndag i advent

Fjærland kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste

27. november - 1. søndag i advent

Sæle kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste

27. november - 1. søndag i advent

Stedje kyrkje kl. 19.30: Lysmesse

DESEMBER

4. desember - 2. søndag i advent

Tjugum kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste

11. desember - 3. søndag i advent

Ølmheim kyrkje kl. 16.00: Lysmesse

11. desember - 3. søndag i advent

Kaupanger stavkyrkje kl. 17.00: Lysmesse

11. desember - 3. søndag i advent

Leikanger kyrkje kl. 19.00: Lysmesse

11. desember - 3. søndag i advent

Stedje kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste

VIGDE

BALESTRAND - ST. OLAFS KYRKJE

11.06.2022 Hans Orstad Teigen og Ingvil Henden Kålås (Sogndal)

18.06.2022 Erik Larsson Aas og Turid Johanne Kidøy (Sandnes)

02.07.2022 Fredrik Borg Johannessen og Anne Grete Mjellelid Ytredal (Sandefjord)

06.08.2022 Olav Kåre Fevåg Aukan og Ingrid Andås Berg (Nesttun)

13.08.2022 Daniel Hauge Kristoffersen og Erika Samset (Bergen)

KAUPANGER

18.06.2022 Eirik Hylland og Marie Madocs Moen (Kaupanger)

20.08.2022 Ørjan Hjellaug og Kristine Venes (Sogndal)

23.07.2022 Noah Samuel Franz og Ingrid Nordheim (Sogndal)

30.07.2022 Mats Olav Mikkelsen Lepsøe og Silje Nornes (Hafslø)

06.08.2022 Jone Frækaland og Birte Stenehjem (Sogndal)

DESEMBER

4. desember - 2. søndag i advent

Tjugum kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste

11. desember - 3. søndag i advent

Ølmheim kyrkje kl. 16.00: Lysmesse

11. desember - 3. søndag i advent

Kaupanger stavkyrkje kl. 17.00: Lysmesse

11. desember - 3. søndag i advent

Leikanger kyrkje kl. 19.00: Lysmesse

11. desember - 3. søndag i advent

Stedje kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste

INFORMASJON



Nr. 3 | oktober 2022 | 50. årgang

Følg meg

Følg meg, sa Jesus ein gang til nokre menneske han traff, medan dei heldt på med arbeidet sitt og var opptekne med å sørge for levebrødet til familien. Kor vanskeleg er det ikkje å sleppe det du har i hendene og gjere noko heilt anna? Og kva med å begi seg ut i noko som du ikkje anar kva inneber?

Ofte argumenterer vi for og imot, gjere nøye vurderingar eller gjer risikoanalyesar, for å sikre oss gode eller riktige val. Då kan det verke impulsivt å berre sleppe det ein har i hendene og følgje Jesus! Det kan til og med virke uansvarleg!

Men er det uansvarleg å svare på Jesus sin oppfordring om å følgje han?

Nei eg trur ikkje det! Både dei som vart oppfordra den gongen, og oss som lever i dag, har kjennskap til og kunnskap om kva Jesus står for, nok til at vi anten tek eit medvite val, eller kaster oss ut i det, og seier ja Jesus, eg vil tru på deg og følgje deg!

Han seier, -eg er med deg alle dagar, inntil verdas ende, -eg let dykk ikkje att som foreldrelause born.

Jesus ga ikkje løfter om jordisk rikdom, forsikring eller sikker pensjon. Men han lova vere med oss alle dagar. Han gir oss si velsigning, rettferd, nåde og evig liv. Han går foran oss og viser vegen, han omgir oss på alle sider.

Difor er eg trygg på at det er godt å følgje Jesus, òg fordi han seier han er vår ven.

Kva betyr det å følgje etter Jesus?

Jesus er eit førebilete for oss, han har vist oss korleis vi skal vere mot kvarandre. Han gir retning for vala våre og fargar våre haldningar til våre medmenneske og skaparverket. Når vi står ovanfor val, så kan vi tenke på kva Jesus sa og gjorde når han møtte spørsmål og problem. I eigne liv kan vi hente fram verdien av det Jesus gjorde i møte med menneske. Han løfta opp dei svake, viste omsorg og ga folk håp og oppmuntring. Jesus viste korleis den eine er verdifull. Vi kan la Jesu sinnelag vere det vi strekker oss mot.

Å følgje Jesus er å vere ein Jesu etterfølgjer. Å vere ein kristen, er å følgje etter Kristus. Disiplane tok sjansen den gongen, og fylgde Jesus. Det kan du og eg gjere i dag og - då er vi trygge på at vi aldri er aleine.

Gitte Therkelsen Torstad
Diakon